

KVA SKJER?

OKTOBER

4.-25. okt.
Søndagsope museum heile oktober i samband med hummarsedesongen, Hummarmuseet

6. oktober
Haust-aktivitetsdag, Viga

10. oktober
Haustope med ny utstilling, Li

12. oktober
Start kurs i høghusbygging

22. oktober
Internasjonal kafé, Nesasjøhuset

Ministerbesøk på museet



Kulturminister Thorhild Widvey vitja Ryfylkemuseet 7. september. Me fekk då den gledelege beskjeden at det var sett av seks millionar til å styrka bygningsvernet ved museet i statsbudsjettet for 2016. Med utvikling i retning av eit våtare og mildare vinterklima, aukar behovet for vedlikehald og restaurering. Desse midla vil difor koma godt med framover.

«Stor kar» på skuleturné



I samband med Alfred Hauge-jubileet skal Ryfylkemuseet, ved Anette Opheim, på turné i Sandnes kommune i oktober. Formidlinga tar utgangspunkt i Hauge si bok «Stor kar», der han skildrar eigen barndom på Stjernerøy i 1920-åra. Elevane får høyre eit utdrag frå boka, men òg prøve å karde ull, eit arbeid som ofte blei utført av barn på denne tida. Prosjektet er eit samarbeid med den kulturelle skulesekken. Me gler oss til å gjera elevarkjende med Alfred Hauge sin forfatterskap og oppveksten hans.

Prosjektmidlar til museet



Foto: Nora Jenssen/Suldalsposten

Ryfylkemuseet har i år fått midlar frå Kulturrådet til to større prosjekt, som vil verta gjennomført i løpet av dei neste to åra. Det første prosjektet, «Barn i bygda», har som føremål å få fornya forståing av barn sine oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn. Dette vil leiast av formidlar Anette Opheim. Det andre prosjektet, «Prioritering i bygningsamlinga», er alt i gang og museet vil her gjennomføra ei tilstandsvurdering av dei antikvariske bygningane våre. Arbeidet vert leidd av Roy Høibo. Han vil òg leia prosjektet «Felles innsats for å møte klimautfordringane», som er eit samarbeidsprosjekt mellom dei to nasjonale museumsnettverka «Byggnettverket» og «Håndverksnett».

Handverkarstudentar

To av handverkarane våre, Sven Hoftun og Kjell Gunnar Haraldseid, er no i gang med bachelorstudiet i tradisjonelt byggverk ved Høgskolen i Sør-Trøndelag. Studiet vil gå over fire år med nokre vekesamlingar kvart semester, men mykje av studia vil òg gjennomførast i det daglege arbeidet med museet som lærearena. Det første prosjektet vert kurs i høghusbygging over den nye slippen til «Suldalsdampen». Dette er lyst ut som eit ope kurs med Trond Oalann som instruktør. For meir info, sjå nettsidene våre.